

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 12.02.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

### Innstilling

Fylkesutvalet i Hordaland Fylkeskommune rår til at Vestlandsrådet koordinerer arbeidet med å få fram eit samordna og sameint innspel til sentrale styresmakter på vegner av Vestlandet i høve til å påverke utforminga av den nasjonale filmpolitikken.

Fylkesutvalet ber Vestlandsrådet om å ha merksemd på følgjande tema:

- a) Større del av dei nasjonale midlane til filmstøtte må kanaliseras via det regionale støtteapparatet.
- b) Av kulturpolitiske omsyn og for å sikre mangfaldet i norsk film bør det byggast opp eit alternativt filmmiljø til Østlandsområdet. For å gje finansielt grunnlag for å utvikle eit slikt miljø, bør dei regionale verkemidla konsentreras i større grad enn i dag.
- c) For å auke talet på filmproduksjonar, bør ein vurdere å innføre ei insentivordning. Dette vil auke talet på produksjonar både i Noreg som heilheit og på Vestlandet.
- d) Vestlandet bør gå inn for å få oppretta eit nasjonalt kompetansesenter for dokumentarfilm og at dette kompetansesenteret vert lagt til Vestlandet.
- e) Den nasjonale filmkommisjonen må leggast til Vestlandet.
- f) Det bør bli betre tilgang på «mjuk» finansiering for film i det lange formatet, det vil seie toppfinansiering utan krav om attendebetaling, for å skape rom for å gjennomføre filmprosjekt ut frå reine kunstnarlege og kulturpolitiske omsyn.